



Vår dato:

29.03.2022

Vår ref:

2022/4882

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Randi Erdal, 5764 3073

Innspel om Bionova

Statsforvaltaren i Vestland viser til omtale på regjeringen.no der de inviterer til å komme med innspel om arbeidet med å etablere Bionova.

Kva kjerneoppgåver bør Bionova ha?

Kjerneoppgåva til Bionova bør vere å forvalte og utvikle støtteordningar for klimatiltak i landbruket. Næringsa har eit ambisiøst mål om å redusere jordbrukets samla klimagassutslepp og auke opptak av karbon frå jordbruket tilsvarande 5 millionar tonn CO₂ ekvivalentar frå 2021 til 2030. For å få til dette er det nødvendig med verkemiddel som monnar. Vi er opptatt av at bonden skal få støtte til å gjennomføre sine klimatiltak og investeringar på gardsnivå uavhengig av storleik på garden og kor dei bur i landet.

Når bonden har gjennomført Klimakalkulatoren og ei heilskapleg klimarådgjeving på gardsnivå, vil dette utløyse eit behov for investeringar knytt til klimatiltak. Tiltaksplanen frå klimarådgjevinga kan og bør nyttast som faktagrunnlag og nærmast inngangsbillett for søknadar til Bionova i jordbruket.

Skogbruket er også ein viktig bidragsyta i å binde karbon og erstatte fossilt materiale. Vi meiner difor at Bionova bør inkludere støtteordningar for investeringar både for jordbruk og skogbruk.

Tiltaka bør støttast uavhengig om tiltaket per dags dato vert rekna med i det nasjonale klimaregnskapet eller ikkje.

Kven bør kunne få støtte;

- Gardbrukar som driv med jordbruk, hagebruk eller skogbruk
- Bedrifter som jobbar for praktiske løysingar/utprøving av lette utstyr og anna teknologi innan jordbruk, hagebruk og skogbruk



Kva utfordringar løysast ikkje ved dagens virkemidlar?

I Vestland finnast desse støtteordningane til klimatiltak på gardsbruk (sjå tabellen). Vi har valt å kommentere nokre av ordningane ut frå vår erfaring.

Område	Tiltak	Støtteordningar	Ansvar for ordninga
Areal	Drenering	Tilskot til drenering	Kommunen
Gjødsling	Miljøvennleg spreiing av husdyrgjødsel med nedfelling eller nedlegging, eventuelt i kombinasjon med tilførselsslange	RMP	Kommunen
	Nytt gjødsellager	Investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU)	Innovasjon Norge
	Dekke over eksisterande gjødsellager	SMIL	Kommunen
	Biogass frå husdyrgjødsel	Leveringsstøtte Bioenergiprogrammet	Landbruksdirektoratet Innovasjon Norge
Energi	Bio og fornybar energi i køyretøy	ENOVA	ENOVA*
	Bio og fornybar energi i oppvarming Gardsvarmeanlegg Bioenergi av treflis	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket (ENOVA)	Innovasjon Norge (ENOVA)*
Landbruksbygg	Tre i landbruket	Investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU)	Innovasjon Norge
	Solcellepanel på landbruksbygg	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologi i landbruket	Innovasjon Norge
Skog	Planting av skog	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)	Kommunane
Klimarådgjeving	Rådgjeving og utarbeiding av tiltaksplan på garden om klimatiltak og klimatilpassing	RMP	Kommunane

Drenering

Erfaringane våre viser at det blir drenert vesentleg mindre areal enn det det er behov for. Lønsemdu blir løfta fram som hovudårsak, i kombinasjon med nedprioritering av leigejord og ein omfattande



søknadsprosess. Dagens føremålsparagraf i *forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord* bør også bli utvida til òg å omfatte eit føremål om reduksjon av utslepp til luft. Med bakgrunn i dette, og at ordninga til neste år har eksistert i 10 år, har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal nylig sendt eit felles brev frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Statsforvaltaren i Vestland og Statsforvaltaren i Trøndelag sendt brev til LMD der vi berom at det blir gjennomført ei evaluering av ordninga si uformig, føremål, effekt og måloppnåing.

ENOVA

Vår oppfatning er at ENOVA er lite relevant for landbruket. Det bør innførast ei reel støtteordning til innkjøp av fossilfri traktor/anna utstyr.

Innovasjon Norge

Ordningane fungerer godt, men for enkelte tiltak er tilskotandelen ei avgrensing. Til dømes er det behov for større gjødsellager slik at det vert lettare å spreie gjødsla på riktig tidspunkt. Tre i landbruksbygg bør videreførast.

SMIL

Ordninga fungerer godt, men kommunane har eit større behov for SMIL- midlar enn det vi har i dag.

RMP

Vi opplever at ordningane Miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel med nedfelling eller nedlegging, eventuelt i kombinasjon med tilførselsslange, er det aukande interesse for og fungerer godt. Klimarådgjeving vart innført i RMP i fjor som ei treårig utprøving. I Vestland var det få søkerar. I samråd med faglaga aukar vi satsane vesentleg for 2022 å stimulere til at fleire bønder i Vestland gjennomfører klimarådgjeving. I framtida vil nivået av støtte til klimatiltak under RMP vere avhengig av samla tildeling for RMP.

Biogass

Det bør jobbast meir for å finne gode praktiske løysningar for biogassanlegg. Det er behov for store investeringar knytt til biogassanlegg.

Korleis kan Bionova organiserast for best mogleg målretta innsats og vere mest mogleg brukarvennleg og kostnadseffektiv?

Bionova bør etter vår vurdering vere ein del av Innovasjon Norge då dei har god erfaring med støtte til enkeltbruk og dei kan sjå Bionova i samanheng med dei andre støtteordningane som dei forvaltar. Tiltak som vert lagt til Bionova, må utfylle dei andre tilskotsordningane og ikkje overlappe desse. For å nå klimamåla er det nødvendig med føreseielege støtteordningar for bønder uavhengig av storleik på garden og kor dei bur i landet. Det bør leggast opp til ei enkel sakhandsaming og det kan vere aktuelt å bruke tiltaksplanen frå klimarådgjeving som faktagrunnlag for søknadar knytt til jordbruk.

Med helsing

Christian Rekkedal
Landbruksdirektør

Randi Erdal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent